Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Forsand

Emne: Folkemedisin | Bygdelag. Högsfjord

Oppskr. av: Gudtorm Mikkelson | Gard: Övre Verpedal

(adresse): Helle; Högsfjord | G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Hüsråd - kjeringråd.

1. Ja, innstillinga til sjükdom og synet på det å vere hardfør har skifta litt i manns minne.

2. Ein har ikkje fått noken serleg tog på kor mykje folk visste om smitte, men det å byggja på einsaber er kjent.

3. Om folk hadde ferdige medisin for hand i större mon er ikkje kjent, men dei samla kvann og kjeringrokk, men korleis dei blanda samen ürtene veit me ingen ting om. Her sökte dei elles ein doktor i Stavanger gauske tidleg. Eit brev frå 1817 fortel om det. Men det var ei "klok kone" med i spelet óg.

4. Ja, gjerne var det på dei störste gardar at medisinar låg ferdige om noko künne henda.

5. Å, jaü, det var råd for andre og låna, og presten hadde og til låns, om jordmora hadde er ikkje nemnt.

6. Dette ligg så langt attende at eg trür det var i far si tid, og kva han har skrive om emneliste 40 veit eg ingen ting om. Eg veit ikkje noko å skriva

15691

om dette med kvae og tjöre.
7. Brük av "kreak" kjennes eg ikkje til.
8. Det har vore snakk om "dyvelsdrekk" men ingen veit kva som var i han.
9. Ja, det var mykje godt alle det, ūtan dei som skulle "foredlast", desse samla mykje dei som ferde til medisin og som vart rekna for dūgande til det.
10. Dei göymde dei i ilåt som hövde for vedkomande, var det t. d. kjeringrokk som vart türka så hadde dei det opp i ein pose av papir, og för den tid hadde dei gjerne ei blære. Begge delen har halde seg samstündes för det gjekk heilt or brūk.
11. Det har vore snakk om apotekvare, men kva dei serleg kjöpte ūtan nafta og kamferdråpar er ikkje kjent.
12. Har aldri höyrt at folk kjöpte medisin av kråmkarar. Om giktringar har det vore svart på tidlegare, går eg ūtifrå.
13. Det var münnlege overleveringar framgangsmåten på medisinen.
14. Nei, dette med lækjebōker og andre prenta skrifter med lækjeråder i er ūkjent, har aldri höyrt at noken har tala om det.
15. Eg har ikkje höyrt om noken serlege råder og medisinar ūtan dei som er nemnde i lista.
II Bygdelækjarar.
A. Lækjarane.
16. Ja, det hadd vore litegrand av det her.
17. Om dei var frå större gardar eller frå gamle kjende ætter er ikkje så heilt sikkert.
18. Innflytterar er ikkje kjende.

15691

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19. Dei tok nok til med lækjinga i ung alder.
20. Time ætte hende det at det "gjekk i arv" det å vera lækjar.
21. Ja, om det var medfødd givnad, eller at det synte seg hos born er ikkje nemnt serleg om her.
22. Sjukdom og ulukker kunne vera eit framstkuv til at han eller ho vart ein rådspurd [struck] lækjar.
23. Har aldri høyrt nokon har hatt det som yrke, det var når folk kom og spurde etter hjelp.
24. Jamnast var alt vederlagsfritt. Om dei sumtid fekk noko t. d. råmjølk, slakt o. l. var all eller om det høvde såleis.
25. Samarbeid med dei fyrste distrikts-lækjarane har me ikkje høyrt noko om.
26. I, jau, det var sakte det, det var mykje dei som ville vera like gode. Andre var der svært som kom med kritikk.
27. Nei, rettargonge har aldri vore snakk om.
28. Nei, dette med rettsak er ukjent.

B. Lækjeråd og lækjekurar.

29. Av planter kann nemnast kvann, trollhegg, einerber, kjeringrokk og elles "bork" (lavegras) og noko gras som har store blad, som vart kalla "lægeblokke". Eg veit ikkje det botaniske namnet på dette. Av dyr kan eg ikkje hugsa at eg har høyrt noko serleg. Heller ikkje mineraler.
30. Ja, dei gjorde nok det.
31. Det som skulle turkast samla dei på loft i posar eller andre ting

15691

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som kunne halda det kunt og i rett konsistens.
32. Ja, dei kjöpte bl. a. malurt på apotek, og det vart gjerne anna og på apotek t. d. "iglar": "igle".
33. Her er ikkje kjent noko serlege utstyr til blanding.
34. Nei, oppskrifter er ikkje kjende.
35. Ja, vatsol som det var helselivt; er kjent, men om det vart nytta på annan måte enn vanleg er ikkje kjent.
36. Har aldri höyrt om at slikt vatn vart göymt i påkomande tilfelle.
37. Ja, brennevin gav bygdedoktarane påbod om å bruka mot sjukdom, men kva slag anna dette kunne vera enn det dei hadde sjölv i eldre tider er ikkje kjent, seinare kjöpte dei brennevin, og dei hadde ikkje anna namn på det her.
39. Ja, dei hadde litt utstyr, tenger knivar og nåler.
40. Sume laga det sjölv, og andre kjöpte det.
41. Nei, noko instrument har her ikkje vore snakk om.
42. Ja, dei dreiv med årelating og kopping.
43. Til årelating hadde dei "igle", og til kopping nokon nåler har det vorte sagt.
44. Dei kaupte iglar på apotek. Elles var det ei tjödn på fjellet her dei fann iglar i.
45. Blodstemming er ikkje kjent.

15691

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3. blad.

46. Nei, her har ikkje vore snakk om nokon har spesialisert seg på nokon sjukdom.

47. Dei hadde sakene sine gøymde i eit skåp i stova.

48. "Store-Sven" hadd eit serskiet skrin til medisin og "verkty" når han var ute og ferdest.

__C. Lækjebøker.__

49. Bøker er ikkje kjende hos bygdedoktorane.

50. Nei, det har ikkje vore bøker det folk forteл.

51. Dette er heilt ukjent her om lækjebøker på framande mål t.d.

52. Det var nok ikkje utlån.

53. Diverre har det ikkje vore snakk om lækjebøker så det har nok ikkje vore, og difor ingen ting å finna som kan registrerast.

Espedal, 7. sept. 1960.

5

15691

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING